



Fotballag som samarbeider over mange bygdegrenser.

Sist sesong var gutane konkurrentar då nokre spela på Rosendal medan resten var Uskedalspelarar. No skal dei spela på same fotballag, og det er ikkje tvil om at dei ser fram til samarbeidet. I kveld hadde dei 13 år gamle gutane si første trening. Den var på den nye kunstgrasbanen, og foreløpig er planen at dei skal trena der kvar onsdag.

Til saman møtte 21 gutar til den første treninga. Det syntest trenarane Lars Emil Berge(frå Åkra) og Jonny Hansen var svært bra.

- Her er spelarar frå alle bygder på strekningen frå Rosendal til Uskedalen i tillegg til Matre og Åkra, kunne Lars Emil Berge som i fjor trena Rosendalslaget, fortelja. Han har med seg spelarane frå Åkra og Matre i bilen, og for dei vart det det same om dei køyrde til Rosendal eller Uskedalen. Det er av stor verdi at gutar frå 5-6 ulike bygder spelar på same lag på denne måten.

Uskedalingane er sjølvsgt svært fornøgde med at dei får treningane på den nye kunstgrasbanen. Det vert også lagt vekt på at dei er svært glad for at dei slepp ekstra busstur i tillegg til skulebussen. Med denne løysinga er det ingen som må ha to daglege bussturar, og det er ein fordel.

Eit anna viktig moment er at dette avlastar anlegget i Rosendal. Med mange lag i aktivitet har det vore svært tettpakka, og det har vore vanskeleg å finna nok treningstider til alle laga.

Det er ingen tvil om at den nye banen skaper aktivitet. Før treninga starta var det rundt 25 gutar og jenter som hadde det kjekt og hadde ein uformell kamp. Og utanfor banen var entreprenør Sigmund Myklebust i full sving med arbeid på byggjesteget 2 av aktivitetsanlegget.



[Spelarane kosar seg i flomlyset på kunstgrasbanen.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland